



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: **Fellesnemnd for nye Volda kommune**

Møtestad: **Dalsfjorden, Volda rådhus**


Dato: **20.06.2017**

Tid: **10:00**

Medlemmar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



HORNINDAL

VOLDA KOMMUNE



SAKLISTE

Saksnr.

PS 1/17

Sak

Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/17

Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

PS 3/17

Konstituering av Fellesnemnd - Nye Volda kommune

PS 4/17

Møteplan Fellesnemnda 2. halvår 2017

PS 5/17

Tilsetjing prosjektleiar

PS 6/17

Mandat partssamansett utval og val leiar og nestleiar.

PS 7/17

Plan/tiltak for ekstern kulturbygging nye Volda kommune.

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/1144
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune	20.06.2017

KONSTITUERING AV FELLESNEMND - NYE VOLDA KOMMUNE

Etter vedtaka i kommunestyra i Hornindal og Volda 1. juni og Stortingsvedtaket 8. juni er Mellombels Fellesnemnd no omgjort til endeleg Fellesnemnd.

Sjølv om kommunestyrevedtaka og Stortingsvedtaket er gjort, vil ein tilrå at Fellesnemnda som formellt organ etter Inndelingslova for orden skuld og symbolsk bør konstituerer seg på nytt.

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune
Hornindal kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/1149
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune	20.06.2017

MØTEPLAN FELLESNEMNDA 2. HALVÅR 2017

Administrasjonen si tilråding:

Møteplan haust 2017:

Fellesnemnda 14.september Grodås
12. oktober Volda
16. november Grodås
desember ?

Styringsgruppa 24. august Grodås
28. september Volda
02. november Grodås

Saksopplysningar/fakta:

Det vert lagt opp til stort sett eitt møte i månaden, annankvar gong Volda, Hornindal slik som i vinter. Styringsgruppa bør ha møte seinast 14. dager før Fellesnemnda for å få førebudd saker til Fellesnemnda

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune; melding formannskapet
Hornindal kommune; melding formannskapet



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Stig Olav Lødemel Jørgen Amdam	Arkivsak nr.:	2017/1150
		Arkivkode:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune	20.06.2017

TILSETJING PROSJEKTLEIAR

Administrasjonen si tilråding:

1. *Prosjektleiar Rune Sjurgard vert rådmann i nye Volda kommune.*
2. *Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektleiarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.*
3. *Rådmannen i Hornindal kommune, Ann Kristin Langeland, går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen.*

Vedleggsliste:

1. Utskrift av vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommune 11.02.2017 Etablering av ny kommune Hornindal og Volda – Prosjektorganisering.

Saksopplysningar/fakta:

Grunnlaget for denne tilrådinga er følgjande vedtak i midlertidig fellesnemnd:

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 11.01.2017:
1. Prosjektleiar vert rådmann i ny kommune.

- 2. Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektleiarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.*
- 3. Rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen.*
- 4. Ordførarane startar arbeidet med førebuingar for formelle og praktiske avklaringar for handsaming i ordinær fellesnemnd.*

Vi, ordførarar i Hornindal og Volda, leiar og nestleiar i fellesnemnda finn ikkje grunn til å kome med avvikande innstilling i forhold til einstemmig midlertidig fellesnemnd og rår til at fellesnemnda gjer tilsvarande vedtak med unntak av punkt 4.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
Ann Kristin Langeland
Volda kommune
Hornindal kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Amdam/Stig Olav Lødemel Arkivsak nr.: 2016/1981
Arkivkode: 000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	

ETABLERING AV NY KOMMUNE HORNINDAL OG VOLDA - PROSJEKTORGANISERING

Ordførarane rår til slik organisering:

1. *Prosjektleiar vert rådmann i ny kommune.*

2. *Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektleiarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.*
3. *Rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen.*
4. *Ordførarane startar arbeidet med førebuingar for formelle og praktiske avklaringar for handsaming i ordinær fellesnemnd.*

Saksopplysningar

Førebelts fellesnemnd ba i møte 8. desember om ei sak om permanent organisering av prosjektet.

Rådmennene har teke initiativ til å setje ned administrative arbeidsgrupper som i løpet av januar vil kome i gang med kartleggingsarbeidet. Det er viktig at ein no kjem i gang med prosessen. Det er under eit halvt år til at samanslåinga vert godkjent av Stortinget.

I siste møte i førebels fellesnemnd vart det drøfta om ein skulle forsere prosessen og etablere ny kommune frå 1. januar 2019. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil frarå å leggje opp til eit

kortare løp enn det som er rådd til sentralt. Prosessen er så vidt omfattande, og komplisert med kryssing av fylkesgrensa, at ein vil ha behov for nødvendig tid til å avklare alle forhold.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har rådd til at ein får avklart spørsmålet om prosjektleiar så raskt som råd etter Stortingsvedtaket i juni. Ordførarane finn derfor behov for at dette vert avklart så raskt som råd, og det er derfor positivt at førebels fellesnemnd har bedt om sak allereie til første møte i nemnda etter nyttår. I alle høve er ikkje dette eit tema som vert vidare omhandla i denne saka.

Det er to ulike modellar for den administrative organisering av prosjektet. Den eine er mellombels prosjektleiar trer ut av prosjektet og funksjonen når ny kommune er etablert. Den andre er at prosjektleiar også vert komande rådmann i den nye kommunen. I enkelte etableringsprosjekt vert den siste modellen også ein kombinasjon der prosjektleiaren også er rådmannen i den eine av dei eksisterande kommunane (som td Færder der rådmannen i Nøtterøy er prosjektleiar og komande rådmann).

Vurdering

Av erfaringar frå kommunereforma i Danmark og frå samanslåingsprosesser her i landet, peikar det seg ut at det er viktig at den som skal vere rådmann i den nye kommunen også er den som er prosjektleiar. Den vesentlege grunngjevinga for dette er at det er ei viktig leiaroppgåve å byggje opp organisasjonen og rekruttere i nøkkelstillingar i den nye kommunen. Det er viktig å ha samanheng mellom etablering og iverksetting, slik at det vert stabilitet og ikkje behov for å gjøre ytterlegare endringar før den nye kommunen har kome i drift. Denne samanhengen er praktisk og prinsipielt viktig, og ein vil derfor rå til at dette vert vektlagt og godkjent av kommunestyra.

Ifølgje KS-advokatane sin rettleiar for arbeidsrettslege spørsmål ved kommunesamanslåingar, så skal det gjerast avklaringar med rådmennene omkring spørsmålet om deira rolle som prosjektleiar og komande rådmann. Begge sit på lang erfaring, god kompetanse og er vurdert som gode rådmenn. Rådmannen i Volda er interessert og sagt seg positiv til dette. Rådmannen i Hornindal har sagt at ho ikkje er interessert i å vere prosjektleiar og/el rådmann i den nye kommunen. Ho er interessert i å vere med over i ny kommune, og at ho kan gå inn i ei sentral stilling i rådmannen sitt leiarteam. Ordførarane ser det som naturleg at ho vert rådmannen sin nærmeste medarbeider og assisterande rådmann i den nye kommunen.

Modellen som er lagt for Færder kommune gir gjennomføringskraft ved at ein kombinerer prosjektleiar med rådmann i ei av dei eksisterande kommunane. Prosjektleiaren vert ein leiarfunksjon, der rådmannen disponerer over ressursane og kan bruke desse for å sikre framdrift i prosjektet. Dette har særleg effekt når det fell seg slik at kombinasjonen er ved rådmann i den største kommunen, slik det også er for Færder-prosjektet.

Ordførarane ser at det vil vere ei stor arbeidsbelastning å ha ei slik kombinasjonsrolle. Rådmannen må bruke ressursane slik det vert nødvendig for å frigjere kapasitet internt i organisasjonen. Ein må vidare sjå alle ressursar i samanheng, der dei operative oppgåvene i prosjektet må delegerast til ulike arbeidsgrupper mv.

Informasjon og kommunikasjon gjennom heile prosessen er svært viktig. Dette er gitt høg prioritet ved at det er oppretta stilling for kommunikasjonsrådgjevar. Denne stillinga vil vere til støtte for prosjektleiar. Samtidig vil ei kombinasjonsløysing av eksisterande rådmann og prosjektleiar/komande rådmann gjere det lettare å bruke ressursar på kommunikasjonsrådgjevar ved at ein ikkje treng å løne ein eigen prosjektleiar i tillegg.

I denne saka vert det lagt fram forslag til organisering. Dei formelle avgjerdene for å få det praktiske på plass, og inngåing av avtaler mv, bør gjerast av den ordinære fellesnemnda. Ordførarane vil gjere nærare førebuingar og involvere også dei tillitsvalte i prosessen. Inntil vidare vert arbeidet leia av dei to rådmennene i samarbeid.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Ann Kristin Langeland	Arkivsak nr.:	2017/894
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune	20.06.2017

MANDAT PARTSSAMANSETT UTVAL OG VAL LEIAR OG NESTLEIAR.

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda gjev partssamansett utval følgjande mandat:

Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingssavtale.

Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamslåinga.

All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følger av lover, forskrifter og god forvaltingsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjetttramme som er vedtekne av Fellesnemnda.

Til leiar for partssamansett utval vert vald:

Til nestleiar for partssamansett utval vert vald:

Bakgrunn for saka:

Ved ei kommunesamslåing skal det for ei avgrensa periode opprettast ei fellesnemnd som skal samordne og ta seg av førebuingane til samanslåingsprosessen, inkludert handtering av arbeidsrettslege avgjersle. For å sikre dette skal fellesnemnda delegera mynde vidare, slik forhold knytt til arbeidsgjevarrolla i ny kommune blir handtert på ein god måte, og at dei nødvendige avgjerslene blir teke.

Fellesnemnda skal ta seg av førebuingane til samanslåingsprosessen. Dette omfattar mange og store prosessar, inkludert handtering av arbeidsrettslege avgjersle. Ved å delegera mynde på sistnemnte område til partssamansett utval, sikrar Fellesnemnda at forhold knytt til arbeidsgjevarrolla i ny kommune blir handtert på ein god måte, og at dei nødvendige avgjerslene blir teke.

Kommunestyra i Volda og Hornindal oppnemnde i sine møte den 1. juni slike utval, dei tillitsvalde har tidlegare valt sine representantar.

I vedtaket av 1. juni står det at fellesnemnda skal gi mandat til det partssamansette utvalet.

Partssamansett utval har slik samansetjing:

Frå Hornindal:

1. Stig Olav Lødemel
2. Lars Alv Haugen
3. Nina Lødøen Øen

Varamedlemmer

1. Anne Raftevold
2. Connie Steffenakk Bakke
3. Brynhild Lund Notøy

Frå Volda:

1. Jørgen Amdam
2. Hild Våge
3. Erlend Krumsvik

Varamedlemmer

1. Fride Sortehaug
2. Gunnar Strøm
3. Roald Espeset

Frå dei tillitsvalde:

Hornindal:

1. Idar Holen
2. Norunn Helene Holmøy- Wang

Volda:

1. Sirikit Vågen
2. Oddbjørg

Drøfting

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda §12 står det at "dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansett utval for den nye kommunen, jf. Inndelingslova §26, 2."

Det partssamansette utvalet for nye Volda kommune skal ha ei aktiv rolle i å arbeide fram ny arbeidsgjevarpolitikk. Utvalet skal gje uttale i saker som vedkjem overordna personalpolitiske spørsmål og retningsliner i samband med opprettning av ny kommune. På vegne av fellesnemnda

skal utvalet sjå til at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvalde sin medverknad/medråderett i forhold som gjeld samanslåing, vert ivaretaken.

I vedteken prosjektplan står det følgjande om partssamansett utval:

3. Partssamansett utval

Det skal opprettast eit partssamansett utval under Fellesnemnda. Utvalet skal samansetjast av 6 politikarar inkludert leiar og nestleiar i Fellesnemnda og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.

3.2 Delegering frå Fellesnemnda

B. Delegering til partssamansett utval

B1. Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingsavtale.

B2. Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

D. Retningslinjer for bruk av delegert mynde

All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følger av lover, forskrifter og god forvaltingsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjetttramme som er vedtekne av Fellesnemnda.

Vidare er partssamansett utval slik omtala i kommunelova:

§ 25. Partssammensatte utvalg - administrasjonsutvalg.

1. Det skal i alle kommuner og fylkeskommuner opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg - administrasjonsutvalg - for behandling av saker som gjelder forholdet mellom kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver og de ansatte. Utvalg etter første punktum kan erstattes med andre ordninger dersom dette får tilslutning fra minst tre fjerdedeler av de ansatte.

2. Administrasjonsutvalget sammensettes av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.

3. For de ansattes representanter gjelder de vanlige valgbarhetsregler, bortsett fra bostedskravet.

4. For øvrig gjelder de samme bestemmelser som for andre faste utvalg.

Av pkt. 2 følgjer det at kommunestyret, her Fellesnemnda, skal velje leiar og nestleiar for utvalet. Vidare at leiar og nestleiar skal veljast mellom dei medlemmane som er oppnemnde av kommunestyra.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/1157
		Arkivkode:	C09

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune	20.06.2017

PLAN/TILTAK FOR EKSTERN KULTURBYGGING NYE VOLDA KOMMUNE.

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda syner til vedlagde utkast til Plan/tiltak for kulturbygging for nye Volda kommune og tek denne førebels til vitande. Planen/tiltaka vert å ta inn i prosjektbeskrivinga. Fellesnemnda tek sikte på å velje prosjektnemnd og førebu sak om administrativ ressurs og budsjett til føremålet over sommaren.

Vedleggsliste:

1. Plan/tiltak for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet

Saksopplysningar/fakta:

Bygging av felles identitet og samhald når to kommunar slår seg saman, er ei utfordrande oppgåve. Det gjeld både eksternt mot innbyggjarane og internt i høve til tilsette. Hornindal og Volda skal no skape ei felles kommune ut frå føresetnadene våre. Avstanden mellom kommunenesentra er etter måten kort, men tidlegare avgrensa kommunikasjon og fylkesgrensa har medført at kulturutveksling og samkvem mellom kommunane før Kvivsvegen var etter måten relativt liten. Det har resultert i at m.a. kultur, næring, dialekt og naturopplevingar har utvikla seg ulikt på kvar side av tunelloppninga og det i seg sjølv er spanande. Etter at Kvivsvegen opna i 2012 har utvekslinga teke av og kvarlagsregionen har fått ein ny dimensjon både for

indre nordfjord og søre sunnmøre. No skal vi skape noko nytt saman og det vil då vere viktig at det vi skaper saman tek utgangspunkt kulturar, tradisjonar, fortrinn og identitetar.

Det går fram av intensjonsavtalen mellom kommunane at ;

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar.

Med utgangspunkt i dette vil ein rå til at Fellesnemnda vel ei prosjektgruppe for kulturbygging. Ein kan tenkje seg gruppa samansett av personar innan kulturområdet/ ressurspersoner frå begge kommunar.

Det vert også lagt opp til at ein skil mellom det interne (kommunen som organisasjon som har det administrative ansvaret) og kommunen som samfunn med det politiske ansvaret. Her ser ein det som viktig at ein spelar på frivillige, næringsliv mv.

Saka med planen og tiltaka treng truleg modning før ein låser økonomi, ressursar og budsjett, slik at ein i denne omgangen legg opp til ei sak der ein gjer vedtak om plan og innarbeiding i prosjektbeskrivinga no, og med evt administrativ ressurs, budsjett og evt revisjon av planen til hausten. Prosjektleiar ynskjer også signal frå Fellesnemnda før det vert lagt fram slik sak.

Utskrift av endeleg vedtak:

Prosjektleiar

(Utkast til)

Plan/tiltak for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet

Bakgrunn og avgrensing

Bygging av felles identitet og samhald når to kommunar slår seg saman, er ei utfordrande oppgåve. Dette gjeld både eksternt mot innbyggjarane og internt i høve til tilsette. Denne planen/tiltaka skal ivareta **kulturbygging eksternt** og fellesnemnda vel nemnd for ekstern kulturbygging.

Prosjektleiar/ rådmannen i ny kommune har ansvaret for den **interne kulturbygginga**.

Mål

Den nye kommunen skal være ei kulturkommune. Det er ynskjeleg å bidra til varierte kultur og arrangement på fleire måtar aktivisere menneske i alle aldrar og med ulike føresetnader. På den måten ynskjer ein å gje innbyggjarane ei oppleving av fellesskap og samhald. Gjennom ulike aktivitetar på kulturområdet ynskjer ein bidra til ny skaparglede om mellommenneskeleg kontakt slik at innbyggjarane opplever den nye kommunen som ei god kommune å bu og leve i.

Målgruppe

Planen/tiltaka skal så langt råd er omfatte målgruppene:

- Folkevalde
- Kommunale einingar (skuler og barnehagar, kulturskulen, ungdomsråd, eldreråd, rådet for funksjonshemma, m.fl.)
- Frivillige lag og organisasjonar – etablerte kulturinstitusjoner - kyrkja
- Næringslivet
- Innbyggjarane

Tiltak - marknadsføring

Folkevalde:

Bli kjent i begge kommunar både geografisk og gjennom besøk på kommunale einingar og besøk hjå næringslivet.

Oppfordre folkevalde om å framsnakke ny kommune og bidra med positiv informasjon og marknadsføring av ny kommune.

Kommunale einingar:

Oppfordre til å nytte samanslåinga i undervisning i skulen, markeringar/besøk i barnehagar, underholdningsbidrag frå kulturskulen, felles møter og arrangement i ulike råd og utval.

Frivillige lag og organisasjonar/etablerte kulturinstitusjonar/kyrkja:

Oppfordre til felles arrangement (utvikle eksisterande og skape nye). Stimulere med økonomisk støtte til marknadsføring og gjennomføring.

Næringsliv:

Oppfordre til å marknadsføre den nye kommunen - stimulere med økonomisk støtte. Bidra til ny aktivitet og næring (t.d."Ny næring på gamle tufter").

Innbyggjarane:

Døme:

Bli kjend i ny kommune (guida bussturar med kjentmann/kjent person, quiz med den nye kommunen som tema)?

Marknadsføring : bruk av heimeside, sosiale medium, bruk av media?

Markeringar: folkefest/marknad/fakkeltog/fyrverkeri 31.12.2019 - lyssetting - nyttårskonsert?

Organisering og ansvar

Overordna politisk styring: Fellesnemnda.

Praktisk gjennomføring: Prosjektgruppe kulturbygging

Medlemmer i prosjektgruppa:

Kultursektoren/ressurspersoner frå begge kommunar.

Mandat prosjektgruppe:

Drive marknadsføring og påverke i høve til målgrupper

Gjennomføring av tiltak for sikre at måla i prosjekt vert nådd.

Kome med framlegg til kriterier for fordeling av midlar til lag- og organisasjonar.

Gjere vedtak om fordeling av midlar til tiltak.

Være ansvarlig for gjennomføring av markeringer i samband med samanslåinga.

Rammebudsjett

Økonomisk støtte til lag- og foreiningar og næringsliv med tanke på felles tiltak:

Fordeling av kr. pr. år til lag og organisasjonar etter kriterium utforma av nemnda for ekstern kulturbygging og godkjent av Fellesnemnda.

Fordeling av kr. til tiltak/markeringer fellestiltak etter kriterium utforma av nemnda for ekstern kulturbygging og godkjent av Fellesnemnda

Administrativ ressurs til kulturbygging: (vert utgreidd som eiga sak til hausten)